

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Vassbering.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle,

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Nord-Hidle.

G.nr. 12. Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det har vore og er framleides til sine tider, vanleg å bera vatn med vass-sele og to bötter. Vass-selen er eit stykke tre med or-holing for akslene og or-riga for hal-sen, bore på akslene, og ei böttet hangande på kvar sida av beraren. I kvar ende av vass-selen er ein stutt jarn-kjetting dei kalla vass-sel-band, og med ein jarnkrok i enden vass-sel-krok. ^{naderen} Frå gamalt kan det nok ha vore tog til vass-sel-band, men det er fyre mitt minne her i bygdi.

Tre-bötter var vanlege i bruk til litt etter 1895. Fyrst var det vel berre trebötter, so vart sinkbötter brukt inne i kjøkenet og trebötter i fjoset til å bryнna kornet i og til å bera vatn i. So fann dei treböttene for tunge å bera i, og bytte dei ut med sinkbötter. Men litt etter kvart gjekk trebötter heilt av bruk og er no ikkje nyttta her.

Frå gamalt hadde dei eit kjer inne i kjøkenet til å ha vatn i. Men det eg kan minnast har dei ikkje bore vatn idet, heller ikkje kan andre gamle ha minne um det. Det vart fylt av vatn dei bar i bötter. Dette kjeret vart visst kalla ~~kk~~ berre:kjer, eller:stamp. Det kunde ta 3-4 bötter tenkjer eg meg. Eg kan ikkje minnast dei hadde slike heima, utan det ~~kk~~ var i min første barndom, i byrjingi av 1880-åri. Sidan tok ~~kk~~ dei til å bera vatn i vanlege sinkbötter og ha det ståande ute i bislaget, og når dei var tome gjekk dei etter ei ny vass-ferd. Hadde dei kjer inne, vart vel vatnet slege frå böttet i kjeret.

Å gjera noko sers for å hindra vatnet skvampla yver var ikkje ^{om} bruk her. Eg minnest dei kunde bera heim mjölk um sumaren når dei hadde kyrne ut, og då bryta av ein liten orekvist med blad på og leggja i böttene. No er det avlagt. Seinare fortel dei her budde ein innfluttar fra Suldal, som hadde höimol-blad og andre store blad i vass- og mjölke-böttene. Anna har eg ikkje höyrt um vart brukte soleis. Bar dei mjölk heim um sumaren bruka dei vanleg vass-sele.

Å setja vasskjeret på ski og skuva det fyre seg er ikkje brukt her.

Vass-bering var helst kvinnearbeid. Og borni sitt. Men det gjekk meir og meir yver til at mennene tok yver kröterstellet og dermed vass-beringi til dei. Det hende her noko etter 1900 her. Hadde dei tenarar fekk dei mykje av arbeidet med vass-bering. Kvinnene var vatnet dei brukta på kjøken.

Dei fleste hus har no lagt inn vatn, men når det tryt er det å bera på gammal vis. Og dei som ikkje har innlagt ber sjølvsagt som før. Det gjeld gardar og små-bruk.

2

No går dei meir yver til å köyra vatn dei tider dei
ikkje har i leidingen, både på slede og i kjerra, helst
med tunna på, eller store spenn.

Dei fleste gardar der det er mogeleg har lagt inn
vatn både i fjos og kjøken. Men sume stader er det uråd.

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

608

BYGDØY

608

800


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR: NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svareret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten lethake på stonga gjorde at handtaket på bætta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

} Nu.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

} Nu.

Har ein brukta kumøkk til brensel ?

Hjernarøy i Rogaland.